

# Prosjektskilddring for «100 over HUNDRE»

## 1. SØKJAR

Navn: Fotograf Arne Årseth, Studio Nordhordland

Org. nr: 968 280 740

Kontaktperson: Arne Aarseth, telefon 90994102

Epost: [post@studionh.no](mailto:post@studionh.no)

Adresse: Studio Nordhordland, Kvassnesvegen 17, 5914 Isdalstø

Kontonummer 3632 53 45629

## 2. KORT PROSJEKTSKILDRING

Eg er i gong med kunst/fotografprosjekt kor eg skal ta bilete og skrive korte historiar om 100 mennesker over hundre år heimehøyrande i kommunane som skal utgjere det nye Vestland fylke. Fleire av 100- åringane kjem frå kommunane i vår region.

Målet er å utgje bok med bileta og historiar, samt halde utstillingar på utvalde stader i det nye stor-fylket. Prosjektet er kostbart, og eg søker om støtte til reiseutgifter, overnatting, produksjon av bøker, rammer og glas til bileta som skal stillast ut.

## 3. NØKKELTAL

**Estimert budsjett for prosjektet:** 445600 NOK (budsjett er lagt ved)

**Personar i målgruppa:** Det nye Vestland fylke vil få meir enn 600000 innbyggjarar. Potensielt er alle desse i målgruppa for prosjektet mitt, da sluttresultatet vil være eit historisk dokument som seier noko om korleis ein har budd og levd i dei hundre åra før samanslåinga av Vestland. *Hovudmålgruppa er dog td. fylket sine institusjonar, sjukeheimar, bibliotek, legekontor, tannlegekontor, kommuneadministrasjonar, og interesserte lag/organisasjonar og privatpersonar.* Prosjektet har til no fått omtale i fleire aviser, og eg får gode tilbakemeldingar når eg td legg ut bilete frå arbeidet med prosjektet på facebook.

**Det** kan nemnast at det eg nyleg vart kontakta av redaktøren i lokalavisa Strilen, som hadde hørt om prosjektet. Intervjuet med meg vert publisert på den nystarta podkasten til lokalavisa måndag 25.mars.

**Eigen kapital inn i prosjektet:** Eg vil gjere alt arbeidet i samband med prosjektet sjølv, inkludert ta bilete, skrive historiane, sende informasjon til trykk, trykke og ramme inn bileta mm. *Sjå vedlagt budsjett for meir informasjon.*

## 4. UTFYLLANDE SKILDRING

Prosjektet er ein dokumentasjon av 100 personar over 100 år i 2019, det siste året der Hordaland og Sogn og Fjordane er eigne fylke. Frå 1.januar 2020 vert desse fylka slått saman til det nye Vestland fylke. Fotograferinga og intervju med desse menneska som har levd så lenge, vart starta i januar 2019, og vil pågå ut heile dette året. For å klare målsetjinga må det i snitt fotograferast om lag to personar kvar veke (50 veker \*2=100).

Når året er ferdig og prosjektet fullført, ynskjer eg å samle alt i ei bok og utstilling. Boka skal i første omgang trykkast i 1000 eksemplar og vil ha ei god geografisk fordeling rundt i dei aktuelle områda. Åshild Ulstup frå NRK, som er kjent for å lage program om menneske som har levd ei stund, skal skrive forordet til boka. Språket i boka vert nynorsk.

Utstillinga kan være mobil. Med det meiner eg at den kan opnast i sin heilheit for eksempel i Sogndal og/eller Bergen, og deretter flyttast rundt til forskjellige kommunar. Då kan den gjerne delast opp slik at Sotra og Øygarden får sine bilete utstilt på høveleg stad, Odda og Ullensvang likeså, Bremangerlandet får sine hundreåringar utstilt, osv til alle dei som ynskjer det.

#### **VARIGE VERDIAR AV PROSJEKTET**

Bokprosjektet vil være eit historisk dokument for ettertida om folk som har levd i over hundre år, frå det siste året då Hordaland og Sogn og Fjordane var egne fylker. Boka vil innehalde informasjon om dei ulike menneska som vert fotografert, i tillegg til å innehalde geografisk og statistisk informasjon om for eksempel alderssamansetjing i det som vil utgjere Vestland fylke før og no, gjennomsnittleg levealder og ikkje minst vil det verte sett fokus på kva auken i levealder gjer med eit samfunn når innbyggjarane vert eldre.

Denne informasjonen vil være relevant og kunne nyttast i ulike fora i mange tiår framover.

**Voner** Regionrådet vil være med å støtte prosjektet. Alt vil være klart i god tid innan samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane til det nye Vestland fylke. Fleire av 100-åringane kjem frå kommunane i vår region, som vil få god publisitet i samband med bok og utstilling.

På førehand takk. Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Med venleg helsing

Fotograf Arne Årseth, Studio Nordhorland